



# ALARSENTRALEN

SOGN OG FJORDANE IKS

*Brannmelding 110*

Florø 15.04.2013

## **Brenning utandørs.**

**Det er frå 15 april til 15 september forbod mot å gjere opp eld i nærleiken av skog og mark utan løyve frå kommunen.**

Ta kontakt med servicetorget i din kommune for meir informasjon og framgangsmåte.

## **Bråtebrenning/ Brenning av hogstavfall**

Ved bråtebrenning og brenning av hogstavfall skal ein alltid søke den aktuelle kommune om løyve før ein iverkset brenning. Det skal utarbeidas planar slik at brenninga foregår på ein forsvarlig måte. Det skal alltid vere ein ansvarlig til stades under brenninga. Planar for brenning og beredskap skal vedleggast søknad til kommunen.

## **Melding til Alarmsentralen**

Alarmsentralen kan ikkje gi løyve. Men det er viktig at vi har informasjon om all brenning slik at vi unngår unødige utrykkingar.

Har ein fått løyve frå kommunen er det viktig å melde dette vidare til Alarmsentralen. Gå inn på heimesida [www.alarmsentralen.com](http://www.alarmsentralen.com) under meldingar finn ein melding om brenning. Fyll ut skjemaet og send det til Alarmsentralen. Husk å få med kven som har gitt løyve slik at vi kan sjekke opplysningane.

OBS:

Vi er eit stort fylke. Dette medfører ulik brannfare i forhold til tørke og nedbør. Vær merksam på at det i tørkeperiodar på kort varsel kan bli lagt ned totalforbod mot brenning.

Terje Brandsøy  
Dagleg leiar